



Svein Arne Låstad
Bruvikvegen 895
5285 BRUVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1059 - 18/13823

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
02.07.2018

151/33 Bruvik Ytre - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av tilbygg til bustadhus - vedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 172/18

Tiltakshavar: Svein Arne Låstad
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til bustadhus på gnr. 151, bnr. 33.

Det vert elles synt til søknad motteken 05.06.2018 med tillegg motteke 02.07.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område med underføremål areal for spreidd bustad.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan motteke 05.06.2018.

Statens vegvesen har i vedtak av 11.05.2018 gjeve dispensasjon frå byggegrensa i veglova til oppføring av tilbygg på gnr. 151, bnr. 33 med minsteavstand på 4,5 meter frå tilbygget til senterlina på Fv. 360.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen skal vere sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen skal vere sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. plan- og bygningslova § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. plan- og bygningslova § 29-5.

VURDERING:

Kommunen legg til grunn at tiltaket gjeld oppføring av 3 mindre tilbygg til eksisterande bustadhus på gnr. 151, bnr. 33, jf. teikningar motteke 05.06.2018.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Tiltakshavar har i tillegg dokumentasjon av 02.07.2018 stadfesta at eksisterande bygning og nytt tiltak ikkje ligg innanfor område der det er fare for skred.

Kommunen legg desse vurderingane til grunn for vedtaket.

Plassering

Statens vegvesen har i vedtak av 11.05.2018 gjeve dispensasjon frå byggegrensa i veglova til oppføring av tilbygg på gnr. 151, bnr. 33 med minsteavstand frå tilbygget til senterlina på Fv. 360 på 4,5 meter.

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. plan- og bygningslova § 29-2

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-4 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av tilbygg til eksisterande bustadhus på gnr. 151, bnr. 33 på fylgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med og tilfredsstillende alle vilkår i dispensasjonsløyve av 11.05.2018 frå Statens vegvesen, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.**
- 2. Tiltaket skal elles plasserast som synt i situasjonsplan og teikningar motteke 05.06.2018, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3."**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1059.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10 og forskrift om byggesak § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Sum kr. |
|--------|--|----------------|
| 10.3.1 | Tiltak: oppføring av tilbygg til bustadhus | 8.000,- |
| | Totalt gebyr å betala | 8.000,- |

| Art | Ansvar | Teneste | Kostnadsstad | Prosjekt | Mva/Mva.k | Debet | Kredit |
|-------|--------|---------|--------------|----------|-----------|-------|---------|
| 16200 | 69000 | 3021 | | | | | 8.000,- |

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Hege Eeg
konstituert leiar teknisk forvaltning

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Svein Arne Låstad

Bruvikvegen 895

5285

BRUVIK